



Multiconsult as

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/628 - 16/4729

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
06.04.2016

## Byggesak Gnr 45/224 Manger kyrje - forsterking - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 072/2016

Delegeret vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1, 20-2, 20-3

**Adresse** : Radøyvegen 1681  
**Tiltakshavar** : Multiconsult as  
**Ansvarleg søker** : Radøy Sokn  
**Søknadstype** : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Radøy sokn skal forsterke Manger yrkje for å stoppe horisontal utgliding. Arbeida omfattar følgjande operasjonar:

1. Stålfagverk: Nytt stålfagverk på kryploft over hovudskip. Himlingspanel må fjernast og remonterast for montering av fagverket.
2. Kryssfinér: Gavlvegger forsterkas med kryssfinérplate for å hindre glidning i tømmervegg. Noko fasadekledning må fjernast i denne arbeidsoperasjonen, men dei vil tilbakeførast slik at fasaden vert uendra.
3. Fundamentering med 6. stk. pelefundamenter under gavlvegger.

Det vert elles vist til søknad mottatt 18.03.2016.

## **Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplan for Manger Sentrum, planid. 12602007000800 har reguleringsformål offentleg bygg – kyrkje.

## **Uttalekrav frå annan styresmakt**

Det ligg føre følgjande løyve frå Riksantikvaren den 11.03.2016:

### **Vedtak:**

*Med heimel i kml § 8 første ledd fattar Riksantikvaren følgjande vedtak:*

*I samband med etablering av strekkpelar for refundamentering av Manger kyrkje, vert det med dette gjeve løyve til å gjennomføre tiltaket som skildra i brev av 4.8.2015, jf. avmerking på vedlagde teikning datert 8.3.2016.*

### **Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:**

*Løyvet gjeld berre det omsøkte tiltaket.*

*Det skal etablerast totalt 18 stålkjernepelar med diameter 50 mm fordelt ved tårnet og koret.*

*Betongfundament for pelanes kal gravas med djupne maks 0,5 m, og i nyare tid/omrota massar.*

*Løyvet gjeld i 1 år etter mottakinga av dette brevet.*

*Dersom det skulle dukke opp graver eller skelelett, eller det er tvil om det er del av grav skal det tas kontakt med Riksantikvaren distriktskontor Vest for avklaring av vidare gravearbeid.*

## **Ansvarsklasse**

Ansvarleg søker opplyser i søknaden:

Forsterkningen av avstivningen på bygget utføres slik at vindkraftene kan fordele seg på samme måte som tidligere. Det er altså ikke en endring av det statiske systemet som er utført, kun en forsterkning. Arbeidene er satt i pålitelighetsklasse 1 og kontrollklasse 1 av vår byggetekniske avdeling. Se vedlegg 615793-RIB-NOT-001. Det søkes derfor om tiltaksklasse 1 for PRO konstruksjonssikkerhet.

## **Dispensasjon**

Godkjenning av tiltaket synast ikkje å krevje dispensasjoner.

## **Nabovarsel**

Det er søkt om fritak for nabovarsling. Ansvarleg søker opplyser at tiltaket ikkje rører ved naboar sine interesser.

Byggjesaksmynde i Radøy kommune vurderer at ein i denne særskilte saka kan gje fritak frå nabovarsling med heimel i Plan- og bygningslova § 21-3. 2 ledd:

*«Varsel etter første ledd kan unnlates når arbeidet ikke, eller i liten grad, berører interessene til naboer og gjenboere.»*

## **Vatn og avløp (VA)**

Tiltaket medfører ikkje endringar knytt til vatn og avløp.

## **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med plan- og bygningslova § 27-4.

Avkjøring til offentleg veg følgjer av reguleringsplan.

## **Terrenghandsaming**

Det er ikkje søkt om terregnendringar, byggesaksmynde i Radøy kommune legg til grunn at tiltaket ikkje medfører vesentlege terregnendringar.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehavar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## **Flom, skred og andre natur- og miljøforhold**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10).

## **VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:**

### **Naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Følgjande føretak har erklært ansvar i samband med søknad om tiltak:

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVARSMÅRÅDE
Multiconsult ASA, org.nr. 910 253 158	S	SØK	1	Ansvarleg søker

Multiconsult ASA, org.nr. 910 253 158	S	PRO	1	Prosjektering konstruksjonssikkerhet
H. Sandvik AS, org.nr. 989 482 920	S	UTF	1	Utføring pele, plassstøpte betongkonstruksjoner, stålkonstruksjonar, tømrararbeid.

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegns om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

#### **Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.03.2016 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### **Vedtak:**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 ,20-3 vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for forsterkning av Manger kyrkje på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føreseggnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

#### **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.2	Basisgebyr	kr	<u>11 000</u>
		<b>Totalsum</b>	<b>kr      11 000</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg sokjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal sokjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 16/628

## **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
Leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Mottakere:**

Multiconsult as  
Radøy kommune

**Mottakere:**

Radøy Sokn

Idrettsvegen 1A      5936

MANGER